


## › Helse og familie

### Helse og familie - fakta om enheten



Eining Helse-Familie hadde i 2018 med tilkallingsvikarane om lag 85 tilsette med 13-14 ulike yrkes og faggrupper (sjå tabell under).

Bildet: Enhetsleder Iren Stranden

### Oversikt over avdelingene og tal tilsette

Avdeling	Tilsette	Merknad
Helsestasjon med skulehelseteneste og jordmor	16	Helsesøstre, helsesjukepleiarar, jordmor, sekretærar, klinisk ernæringsfysiolog
Prosjektstillingar	4	Finansiert gjennom tilskuddsmidler til utvikling og styrking av helsestasjon- og skulehelsetjenesten i Fræna
Miljøretta helsevern/smittevern	1	Tilsett i 50% stilling (kommuneoverlegen)
Fræna legekontor	7,5 + 6,58	Legestillingar og hjelpepersonell
Helseteneste Hustad Fengsel	5,2	Deriblant 2 legar som deler ei 25% stilling
Fysioterapi/rehabilitering	4,4 + 1	Fysioterapeut og ergoterapeut
Hverdagsrehabilitering	4	1 fysioterapeut, 1 ergoterapeut, 1 sjukepleiar, 1 heimetrenar
Fræna fysikalske institutt	3	Driftstilskott for 3 fysioterapeutar i 100%

Avdeling	Tilsette	Merknad
Hjelpemiddelansvarleg – teknisk del	1	
Barnevern	9	8 fagstillingar + 1 sekretær
Tiltak funksjonshemma	10	Tal tilsette totalt: 10: 1 leder i 100% vikarar
Bøtunet avlastningsleiligheter	19	Alle er deltidsstillinger, tilsammen 10 årsverk

0% 6 tilsette i deltidsstilling BPA og 3  
 Forside > Enheter > Helse og familie



## Viktige hendinger i 2018

Politiske vedtak:

- Fræna plan og økonomiutval sa ja til å vaksinere russen 2018 mot hjernehinnebetennelse

- Fræna kommunestyre vedtar at akuttberedskap i barnevernstenesta skal på plass i Fræna kommune i løpet av 2018.
- Fræna kommunestyre gjekk inn for å fornye avtalen med fastlegane og vedtok endring av driftsform ved Torget legekontor A/S.

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

Prosjekt:

- Utvikling og styrking av helsestasjons- og skolehelsetenesta – prosjekt på andre året.
- Frisklivsentralen har prosjektmidlar i høve gruppetilbod barn og unge.

Andre tilbod:

- **Tverrfagleg Råd** hadde 7 møte i 2018 - av desse var 2 besøk i barnehagar i kommunen og eit skolebesøk. Saker som kom til rådet var meldt frå barnehagar/skolar..
- **Psykososialt kriseteam**. Hadde i 2018 fire faste møte i samsvar med rutinebeskrivinga. Teamet var i tillegg involvert i fire einskildsaker der medlemmer av teamet var involvert.

## Helsestasjon med skulehelseteneste og jordmor

Leverte tenester:

Det blei fødd 110 nye barn i Fræna i 2017.

- Jordmor har starta opplæring i NBO (NewbornbehaviouralObservasjon)
- Jordmor har utarbeidd prosedyre for bruk av EPDS, tweak og vold i nære relasjonar.
- Helsestasjonen 0 – 5 år følgjer no alle konsultasjonane jfr vegleiar
- **Vi har gitt eit nytt fast gruppetilbod til alle barn født frå januar 2018**

- Vi har i 2018 gitt COS-P (tryggleiksirkelen) til to grupper, ein i Elnesvågen på dagtid og ein i Bud på ettermiddag.
- Vi har arrangert eit HOPP Friskus kurs over fem kurskveldar for småbarnsforeldre, samarbeid med frisklivsentral
- Samarbeid med BUP, ytre team. Faste møte 1 gong pr. mnd. Lavterskeltilbod.
- Helsesøster har **faste møte med barnehagane og barnevernstenesta** 2x pr år.

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

Forbetringar:

- Vi får nå **elektroniske dialogmeldingar** frå sjukehuset om fødsel og venta utreisedato.
- Kompetanseheving for helsesøster/jordmor ved deltaking i prosjekt: «**Tidlig inn**» Målet er å komme tidleg inn i høve vanskar knytt til psykisk helse, rusmiddel og vald i nære relasjonar.

Utfordringar:

- Det er sårbart med ei jordmor i høve feriar og anna fråvere
- Manglande tilbod til familiar og barn der det er behov for meir enn den vanlege rutinekontrollane og oppfølging over tid

## Miljøretta helsevern/smittevern

- Sesonginfluensa - vaksining, har sett 674 vaksiner
- I 2018 er det gitt HPV-vaksine til 161 jenter født i 1991 og seinere. Tenesta vil få refundert kr.200,- pr sette vaksine.

## Fræna legekantor, Torget legekantor og legevaktsamarbeid

Hendingar:

- Fræna legekantor har stabil legedekning. Legevaktsamarbeidet går godt.

- Frå 01.06.2018 blei Torget legekantor ein del av Fræna legekantor, men har framleis tilhald på Torget sine lokale. I september blei det tilsett ny lege – det er i dag to leger som har kontor ved Fræna legekantor avd. Torget

Utfordringar:

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

- Samlokalisering av all legeteneste er ei utfordring då det ikkje er plass til alle legane i kontorene i Sentervegen. Delt lokalisering fører til meirutgifter då det er naudsynt med dobbelt opp av noko medisinsk utstyr.

## Fysioterapi og rehabilitering

Leverte tenester:

- Avdelinga har gitt tilbod til barn i alderen 0-16 år, og til vaksne med behov for tverrfagleg oppfølging eller heimebehandling.
- Kommunefysioterapitenesta har hatt til saman 13 treningsgruppetimar kvar veke. Det har vore stor pågang på gruppene, og ventetid på dei fleste av tilboda.
- Ein kommunal fysioterapeut har gitt tilbod til innlagte ved rehab.avd. 5 føremiddagar pr. veke. Ergoterapeut har ytt tenester i rehab.avd. etter behov.
- Ein kommunal fysioterapeut har gitt tilbod om lymfødem behandling etter tilvising
- Ergoterapeut har kartlagt brukarar sine behov i heimen, gitt hjelp til brukarar i hjelpemiddel-søking, hjelp med tilrettelegging av eigen bustad m.m. Ergoterapeuten har også gitt tilbod om ADL-trening, finmotorisk trening m.m.
- **Frisklivssentralen** får dei fleste tilvisingane frå fastlegar og kreftkoordinator, samt at brukarar tek kontakt sjølve. Sentralen har gitt tilbod til deltakarar i form av helsesamtalar, eigne treningsgrupper, Bra mat kurs for vaksne (x1), Bra mat kurs for barnefamiliar (x1), Diabeteskurs (x2) og Livslystkurs (x1). Treningsgruppene har i snitt hatt 8-10 deltakarar per gruppe, dei aller fleste er damer og snittalderen har vore på ca. 50 +. Vi har hatt god oppslutning rundt dei fleste kursa, med deltaking på rundt 8-15 stk. per kurs.

Forbetringar:

- Oppstart av nytt treningstilbod for Seniorar i deira eige lokalmiljø; Sterk og stødig, januar 2018.
- Oppstart av nytt gruppetreningstilbod "Aktiv trening" til kreftpasientar, hausten 2018.
- Oppstart av gruppetilbod/ tematimer ved helsestasjonen til alle foreldre med barn i 8 vekers alder, mars-18.
- Tilbod om individuelle konsultasjonar for gravide med bekken- og ryggplager i samarbeid med jordmor, februar 18.
- Oppstart av Bra mat kurs til barnefamiliar i samarbeid med helsestasjonen, hausten 2018.
- Utvida tilbod ved Frisklivssentralen til også å gjelde barn og unge (i samarbeid med helsestasjonen), februar 2018.
- Vi har opna treningssalen på kveldstid for personar med spesiell avtale i butenesta og psykiatritenesta, våren 2018.
- Det tverrfaglege kvardagsrehabiliteringsteamet med 4 heile stillingar hadde oppstart i mars. Sjå eiga årsmelding.

#### Utfordringar:

- Stor etterspurnad på tenestene generelt og stort arbeidspress på dei tilsette. Behov for å auke stillingsressursane, både ergoterapeutar, kommunalt tilsette fysioterapeutar og fleire fysioterapeutar med driftstilskott. (Fysikalsk institutt)
- Låge kostra tal når det gjeld både fysioterapeutar og ergoterapeutar per 10 000 innbyggjar. I 2016 var kostra talet pr 10 000 innbyggjar for fysioterapeutar i Fræna 7,4. I KG10 er snittet på 9,2 og for Molde 10,1, Eide 10,1 og Aukra 11,1. NFF tilrår 17 fysioterapeutar per 10 000 innbyggjarar for å dekke innbyggjarane sine behov. Kostratal for ergoterapeutar ligg også vesentleg under landsgjennomsnittet.

#### Fræna fysikalske

- Tidlegare utskrivne pas. Jfr. samhandlingsreforma har resultert i fleire og dårlegare pas. på ventelistene.
- Same behandlingstilbod som tidlegare år, individuell behandling og gruppebehandling
- Det er innført prioriteringsnøkkel og nytt system for nye tilvisingar.
- Instituttet hadde 105 avvik på overskriding av ventetid jfr prioriteringsnøkkel -nasjonal standard.
- Vanleg ventetid har vore 6-8 veker, for prioriterte plass i overkant av 2 veker.



## Hjelpemiddelformidlinga

Leverte tenester:

- Frå NAV hjelpemiddelsentral er det motteke og levert vidare 1702 hjelpemiddel mot 1380 i 2017
- Avdelinga har også ansvar for 130 alarmer. Når vi installerer alarmane, monterer vi også tøykvarsalarar knytt til alarmen. Vi er no i ein prosess med utskifting til nye digitale GSM-alarmer.
- Avdelinga har også ansvar for kartlegging av låsar i samband med overgang til elektroniske dørlåsar.

Forside > Enheter > Helse og familie

Det er registrert 103 nye brukarar i løpet av året. Vidare er det stort forbruk av hjelpemiddel som vi har på kommunalt lager. Dette fører til mykje utkøyring/innhenting, vask og vedlikehald.

Hendingar/Forbetringar:

- Hjelpemiddel forvaltninga fekk våren 2018 ny tenestebil. Køyrelengde pr år er omlag 20 000 km

Utfordringar:

- Stadig auke i arbeidsoppgåvene med fleire hjelpemiddel som skal leverast/reparerast/settast i stand. Meir arbeid med tryggleiksalarmar samt etter kvart dørlås, vil gi store utfordringar i 2019. Køyretid til og frå oppdrag, samt tid til installering/reparasjon av hjelpemiddel/tryggleiksalarmar, vil i større grad sette grenser for tenestetilbodet. Fleire brukarar vil måtte vente lengre før dei får den hjelpa dei skal ha, og sjansen for å få overliggarar på sjukehus vert større.
- Relativt mange administrative oppgåver for ei so lita avdeling er også ei utfordring.

## Barnevern

Leverte tenester:



- Alle meldingar og undersøkingar vart gjennomført innafor frist også i 2018.
- Det same gjeld oppfølgingsbesøk og tilsynsbesøk.
- Tilsette har **faste møter med barnehagane og helsestasjonen** 2x pr år.
- Har gitt tilbod til 3-4 ungdomar gjennom «Kjør for Livet»Eit fritidstiltak med motor

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

Forbetringar:

- Akuttberedskap – eigen barnevernsvakt i Fræna kommune starta hausten 2018 og skal evaluerast i 2019.

Utfordringar:

- Endringar i statleg barnevern har ført og fører til nedlegging av ein del statlege tiltak – utfordringar å etablere nye lokalt. Lokale tiltak eller kjøp av private vert ofte dyre.

## Tiltak funksjonshemma m/ Bøtunet avlastning

Leverte tenester:

- Tenester vert sett i verk etter vedtak gjort ved forvaltningskontoret.
- 5 tenestemottakarar har BPA tilbod

Hendingar:

- Starta faste møte med Forvaltningskontoret

Utfordringar:

- Rekruttere personar til å gjennomføre tiltak – eks- støttekontakt/avlastning o.l.
- Gje alle som arbeider som støttekontaktar, BPA og avlastaroppfølging, tilbod om kurs og anna vegleing.

## Tiltaket Bøtunet avlastning:

### Leverte tenester:

- Opent måndag – fredag, frå 08.00 – 20.00 . Avlastning 3 helger pr. mnd
- 11 tenestemottakarar i alderen 3-38 år. (7 jenter og 4 gutar)

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

### Hendingar:

- Nytt samarbeidstiltak – skal administrerast frå avdelinga.
- Sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere nye lokale til Bøtunet avlastning.

### Utfordringar:

- Nye vedtak i avlastinga fører til meir behov for administrering av gruppa av tilsette, kontakt med pårørande og deltaking i ansvars/samarbeidsgrupper. Auka behov for administrativ ressurs.
- Nye vedtak i løpet av året fører til utfordringar i å halde budsjettet.
- Mykje skifte i personalgruppa av ulike årsaker, omsorgspermisjonar o.a.

KVALITET		
Målbeskrivelse	Mål	Resultat
<b>Fysio/rehabilitering</b>  Styrke det helsefremmende og forebyggende arbeidet	<b>Bidra i implementering av HOPP. Utvide tilbudet til Frisklivssentralen til også å gjelde barn og unge</b>	<b>Gjennomført</b>

## KVALITET

### Målbeskrivelse

### Mål

### Resultat

Målbeskrivelse	Mål	Resultat
<b>Fysio/rehabilitering</b> Styrke satsing på rehabilitering	Oppstart «sterk og stødig» treningstilbud til seniorer. Få på plass tverrfaglig innsatsteam innenfor Hverdagsrehabilitering	Gjennomført
<b>Hjelpemiddelforvaltning</b> Ruste opp tilbudet i forbindelse med etablering av hverdagsrehabilitering	Øke bemanning i tjenesten og fornye hjelpemiddelparken	Under arbeid
<b>Barnevern</b> Rett hjelp til rett tid	Ingen fristbrudd i saksbehandlninga	Gjennomført
<b>Barnevern</b> Sikre tilstrekkelig beredskap til barn i krise også utenom kontortid	Vurdere akuttberedskap i barnevernet utenom ordinær kontortid	Gjennomført
<b>Helsestasjon/skolehelsetjenesten</b> Styrke det helsefremmende og forebyggende arbeidet	Implementering av HOPP ved helsestasjon, skole og barnehager	Under arbeid
<b>Helsestasjon/skolehelsetjenesten</b>		

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

KVALITET		
Målbeskrivelse	Mål	Resultat
Alle barnekontroller blir gjennomført i tråd med forskrift/veileder	Ingen avvik ved barsel oppfølging eller barnekontroller	Gjennomført
<b>Helsestasjon/skolehelsetjenesten</b>  Gjennomføring av kompetanseheving knyttet til psykisk helse, rus og vold	Følge opplæring TIDLIG INN, og følge kursrekke RVTS	Gjennomført

NÆRVÆR/TRIVSEL		
Målbeskrivelse	Mål	Resultat
Sjukefråvær	6,5	7,9
<p>Sjukefråvere i Helse-Familie har gått opp sidan 2017 då det var 5,6. I nokre avd. har vi hatt langtidsjukemeldte som nok bidrar til årets tal. Fleire av avd. har fråvere langt under ønska resultatmål. Vi følger med om fråveret er arbeidsrelatert.</p>		
<p><b>Medarbeiderundersøkinga</b> Inga undersøking i 2018</p>		

## KOSTNADSKONTROLL

Ramme

Budsjett

Regnskap

Kostnad

**50 291**

**52 705**

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)

Avvik: - 2 414 tusen

Kommentar:

Barnevern: Tiltak barne. og ungdomsvernet (3611) - her er det eit faktisk meirforbruk på tiltak på 1,7 millionar medan inntekssida har ein svikt på ca 800 tusen. Nettomeirforbruket vert då 2,5 millionar. Svikt i inntekt er m.a.skuld i endringar i refusjonsreglar og dyrare tiltak. Plassering i institusjonar.

Barnevernkuratorar (3610) - Her er netto meirforbruk ca 950 000 og som skuldast meir bruk av overtid enn budsjettet. Her skuldast innføring av barnevernsvakt frå og med november 2018 noko av meirutgiftene Avd. Tiltak til personar med nedsett funksjonshemming Tiltak innafør denne tenesta har også meirforbruk ved årsslutt. Nye og utvida tiltak etter lover årsak til dette.

Bøtunet avlastning + eit samarbeidstiltak for eit barn (3641) - har eit samla netto meirforbruk på omlag 1,8 mill. Dette skuldast nye og tidlegare utvida tilbud etter vedtak i Helse- og omsorgstenestelova.

Gjennomførte tiltak for å holde ramme:

1. Involvert og gjort avd.leiarane og deira medarbeidarar ansvarlege i Visma budsjett/rekneskap
2. Rekneskap har vore tema i avd.leiarmøta.
3. Einingsleiarar som kan få uforutsette utgifter/nye har hatt ekstra oppfølging.
4. Fokus på å få inn inntektene eininga har utestående

## Personvernerklæring

[Forside](#) > [Enheter](#) > [Helse og familie](#)